



**SLT**  
Samordning av lokale rus- og  
kriminalitetsforebyggende tiltak



Aukra kommune

# SLT Handlingsplan 2022

Kriminalitets- og rusførebygging blant barn og unge i Aukra.

## Innhald:

Bakgrunn.....	s. 2
Mål med SLT.....	s. 3
SLT-modellen - organisering.....	s. 3
Tilbakeblikk på 2021.....	s. 6
Mål og tiltak 2022.....	s. 8



# BAKGRUNN

**Visjon:** Alle barn og unge skal vere inkludert og kjenne at dei høyre til i Aukra kommune.

## **Kommuneplanen sin samfunnsdel for Aukra 2030**

Kommuneplanen sin samfunnsdel for Aukra 2030 er overordna i kommunen, og barn og unge er ei av åtte satsingsområde.

Kommuneplanen sin samfunnsdel har følgjande fokus når det gjeld barn og unge:

- Systematisk og tverrfagleg samarbeid skal prege alt arbeid overfor barn og unge. Tidleg innsats er eit kriterium for å lukkast.
- Eit godt fysisk oppvekstmiljø
- Eit godt psykososialt oppvekstmiljø
- Utjamne sosiale skilnader
- Medverknad frå barn og unge

## **“Betre oppvekst”**

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har utarbeidd fire strategimål som satsinga «Betre oppvekst» skal bygge vidare på for å trygge barn og unge sin oppvekst. Dei fire måla er:

- Sikre medverknad
- Betre det fysiske oppvekstmiljøet
- Betre det psykososiale oppvekstmiljøet
- Redusere dei negative konsekvensane av sosiale skilnader

## **Barne- og ungdomsplanen for Aukra 2021-2030**

Ny Barne- og ungdomsplan for Aukra 2021-2030 er styrande for tilsette som jobbar med barn og unge, i tillegg finn vi planarbeid med barn og unge i kulturplanen, rammeplan for barnhagar, handlingsplan mot vald i nære relasjonar, plan for rus/psykisk helse med fleire.

## **MOT**

Aukra kommune er ein MOT- kommune og kommunen har ansvar for å utvikle og forsterke ei felles verdiplattform der vi arbeider for å skape robuste barn og unge.

## **SLT**

SLT er ein samordningsmodell for lokale, førebyggjande tiltak mot rus og kriminalitet. SLT sikrar at dei ressursar som allereie finnes hos kommunen og politiet, blir meir samkøyrde og målretta. SLT-arbeidet inngår som ein del av den heilskaplege satsinga for barn og unge i Aukra kommune. Samordninga skal bidra til at barn og unge får rett hjelp til rett tid.

## MÅL MED SLT

Det er mange som kvar dag legg ned ein stor innsats for å gje barn og unge betre oppvekstvilkår i Aukra. "Samordning av lokale rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak" (SLT) handlar om å gjer denne innsatsen meir effektiv ved å samordna dei gode kreftene i kommunen. Samordninga skal bidra til at barn og unge får rett hjelp til rett tid.

Kriminalitetsførebygging handlar om å satse systematisk på å unngå kriminalitet i staden for å reparere. Det handlar om å analysere korleis problematisk åtferd og kriminalitet oppstår, for deretter å sette inn konkrete tiltak retta mot årsaka til problema. Innsatsen må vere mangfaldig og rettast mot både sosiale miljø, enkeltpersonar og fysiske omgjevnader.

Kriminalitet er ofte nært knyta til andre problemområde og heng saman med samfunnet si generelle førebygging. For eksempel vil tiltak for å førebygge utanforskap eller rusmisbruk blant unge, også førebygge kriminalitet.

Å sikre gode og stimulerande oppvekstvilkår for barn og unge og sørge for tidleg hjelp og støtte vil kunne bidra til mindre problemåtferd, rusmisbruk og kriminalitet.

Ein gjennomtenkt førebyggjande innsats der kunnskap og ressursar vert koordinert i eit forpliktande samarbeid mellom politi, kommune og frivillige aktørar (næringsliv, frivillige organisasjonar, etc.), vil spare mennesket og lokalsamfunnet for store tap.

(SLT-håndboka, Bugge, et. al, 2011)

Link til SLT-handbok:

[https://kriminalitetsforebygging.no/wp-content/uploads/2016/11/SLT.boka\\_.2020-Word.pdf](https://kriminalitetsforebygging.no/wp-content/uploads/2016/11/SLT.boka_.2020-Word.pdf)

## SLT-MODELLEN – ORGANISERING

I Aukra er det førebyggjande arbeidet organisert etter SLT-modellen sin "gullstandard" som er ein trenivåmodell koordinert av SLT-koordinator.

### DET STYRANDE NIVÅ = POLITIRÅDET I AUKRA

**Føresetnad:** Styringsgruppa består av toppleiarar frå kommunen og politiet. I Aukra kommune er politirådet det styrande nivå i SLT-modellen.

**Møteverksemd:** Fire møter i året à to timer per møte

**Deltakarar:** Ordførar, kommunedirektør, kommunalsjef for drift, kommunalsjef for plan, kultursjef, politistasjonssjef i Molde, politikontakt for Aukra og SLT-koordinator

**Mandat:**

- Angi klare mål og prioriteringar for rus- og kriminalitetsførebygging og sørge for å innarbeide desse i det kommunale planverket.
- Sørge for innhenting av nødvendig kunnskap om dei felt arbeidet blir retta inn mot.

- Ha det avgjerande ord når det gjeld koordinatoren si faglege verksemd, i samspel med dei nettverk kommunen har etablert i SLT-arbeidet.

#### Overordna strategimål for politirådet i Aukra, utarbeida 09.06.2020

- **Førebygging:** Politirådet skal leggje til grunn eit førebyggjande perspektiv.
- **Operativ:** Politirådet skal kunne ta avgjerder av operativ karakter.
- **Tverrfagleg samarbeid:** Politirådet er basert på gjensidig informasjonsutveksling der målet er koordinert innsats.
- **Kommuneplan for Aukra:** Politirådet skal følgje opp kommuneplanen sine satsingar og ha eit spesielt fokus på barn og unge.
- **Samordning av lokale rus- og kriminalitetsførebyggjande arbeid (SLT):** Det rus- og kriminalitetsførebyggjande arbeidet skal organiserast etter SLT-modellen

#### **DET KOORDINERANDE NIVÅET = KOORDINERINGSGRUPPA**

**Føresetnad:** Deltakarane er sentralt plassert innanfor sin arbeidsplass, med myndigheit til å ta avgjersler og nær kjennskap til utfordringane innanfor arbeidsfeltet.

**Møteverksemd:** Fem møter i året à to timer per møte (årets siste møte er på fire timer)

**Deltakarar:**

- Einingsleiarar frå kultur, innvandring og integrering, NAV, barnehagar, skular, og heimetenesta
- Leiande helsesjukepleiar
- Kommunalsjef (drift)
- Folkehelsekoordinator
- Pedagogisk rådgivar
- Leiar for avdeling «Etterretning, førebygging og etterforskning» ved Molde politistasjon
- Representant frå fylkeskommunen (Miljørettleiar ved Romsdal VGS)
- Representant frå næringslivet (dagleg leiar i Aukra Næringsforum)
- Representant frå barnevernet i Molde, Aukra og Vestnes
- Representant frå PPT for Aukra og Molde
- Representant frå frivillige organisasjonar i Aukra (dagleg leiar i GIL)

**Mandat:**

- Ansvar for praktisk koordinering av det rus- og kriminalitetsførebyggjande arbeidet ut frå rammene fastsett av styringsgruppa/politirådet.
- Deltakarane skal vere bindeledd mellom sine einingar og koordineringsgruppa, føre problemstillingar mellom desse og gjennomføre idé- og erfaringsutveksling.
- Ut i frå kunnskapskjelder og erfaring avdekke utfordringar kommunen står overfor.
- Skaffe seg kunnskap om korleis desse utfordringane best kan møtast.
- Fatte slutningar, sette inn tiltak og koordinere innsatsen på tvers av tenestene.

#### **DET UTFØRANDE NIVÅET = JOBBER DIREKTE MED BARN OG UNGE**

**Føresetnad:** Det utførande nivået må ha god kommunikasjon og godt samarbeid med det koordinerande nivået

**Deltakarar:** Alle som jobbar direkte med barn og unge f.eks. i kommunen, politiet, frivillige organisasjonar, osv.

**Mandat generelt:** Ansvar for at måla til politirådet og koordineringsgruppa vert omsett i praksis.

**Møteverksemd:**

- **“Ung i Aukra” med fire møter i året à 2 timar**
- Eitt årleg SLT-seminar for alle nivåa
- SLT-arbeidsgrupper med representantar frå det utførande nivå
- Månadlege møter med politikontakt og SLT-koordinator i Aukra og Molde
- Månadlege møter mellom førebyggjarar i politiet og avdeling for psykisk helse og rus i Aukra
- Faste ukentlege møter mellom Molde politistasjon og barnevernet i Molde.
- Faste møter med kriminalitetsførebyggjarane ved Molde politistasjon og helsesjukepleiarar frå Molde og Aukra.
- Månadlege møter mellom politiet og ressursnettverket for førebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme i Molde og Aukra.

**Deltakarar i “Ung i Aukra”:** Ungdomslos/miljøarbeidar (møteplass for ungdom), miljøterapeut frå Julsundet skole, Rådgjevar frå Gossen barne- og ungdomsskole, helsesjukepleiar, miljøterapeut frå Innvandring og Integrering, politikontakten for Aukra, dagleg leiar for frivilligsentralen, ungdomsarbeidar/MOT coach og SLT-koordinator

**Mandat for “Ung i Aukra” gruppa:** “Ung i Aukra” gruppa skal drøfte utfordringsbildet i kommunen og tilbakemelde sin kunnskap til SLT-koordineringsgruppa, samt utvikle informasjonskanalar til ungdommen via sosiale media.

**Mandat generelt:** Ansvar for at måla til politirådet og koordineringsgruppa vert omsett i praksis.

## SLT-KOORDINATOR

**SLT-koordinator har følgjande oppgåver:**

- Sekretær i det styrande nivå (politiråd)
- Koordinerer og leier koordineringsgruppa
- Legg til rette for informasjonsutveksling og kunnskapsutvikling med regelmessig møteverksemd
- Systematiserer og koordinerer dei ulike nivåa
- Skapar prosessar
- Initierer og sikrar iverksetting av nye tiltak.
- Koordinerer det rus- og kriminalitetsførebyggande arbeidet.
- Bidreg til at tenestene samordnar seg, oppnår felles problemforståing og målsetting og at tiltak vert gjennomført og evaluert.
- Pådrivarfunksjon (motivere og inspirere).

## TILBAKEBLIKK PÅ 2021

I denne delen av handlingsplanen er det ei forenkla oversikt over tema og aktivitet i SLT-møta og SLT-arbeidet for 2021.

Første møte i SLT-koordineringsgruppa:

- Orientering frå ulike avdelingar (BUA, unge og ungdom med oppfølging frå NAV, samarbeidsprosjektet med Join-Us stiftinga),
- Mål og tiltak for SLT-handlingsplan. Felles målsetting om å ha fokus på førebygging av einsemd og dårleg psykisk helse i 2021

- Etablering av tre arbeidsgrupper (SLT-seminar, radikaliserings og valdeleg ekstremisme, Ungdata-undersøkinga)
- Jobbe for betre foreldreinformasjon
- Drøfting angående møteverksemd på det utførande nivå

#### Andre møte i SLT-koordineringsgruppa:

- Dialogmøte med BUP og avklaringar om roller, forventningar, pasientforløp, -akutt og pakkeforløp-, samarbeidsformer, med meir.

#### Tredje møte i SLT-koordineringsgruppa:

- Orientering om «Ung sommar»,
- Orientering om sommarjobb,
- Kort status om arbeidet med Ungdata-undersøkinga,
- Gruppearbeid: Tverrfagleg møteverksemd i Aukra

#### Fjerde møte i SLT-koordineringsgruppa:

- Orientering om status for møteplass for ungdom med fast vaksenperson
- Informasjon om Cos-P kurs for tilsette og foreldre
- Korus informerte om BTS/BTI (betre tverrfagleg samarbeid/betre tverrfagleg innsats) som er ein samhandlingsmodell og rettleiar i arbeidet med systematisk identifikasjon og oppfølging av utsette barn og unge.
- Drøfting om fordeler og ulemper med BTS/BTI og stafettlogg i Aukra

#### Femte møte i SLT-koordineringsgruppa (arbeidsseminar/workshop):

- Korus informerte om individuell plan (IP) og hensikta med den.
- Gruppearbeid/dialog rundt temaet om IP.
- Gruppearbeid og dialog om korleis legge til rette for at BUP kan delta i kommunens tverrfaglege møteverksemd.
- Presentasjon om samarbeidet mellom skole og FAU som utarbeidar digital rettleiar for foreldre.
- Informasjon om handlingsplan for "Møteplass for ungdom med fast vaksenperson". Det er tilsett tre miljøarbeidarar med til saman 100 % stilling som skal følgje opp handlingsplanen.
- Utnemning av personar til å delta i "Ung i Aukra" gruppa der politikontakt deltek frå januar 2022. Dette er møteverksemd for det utførande nivå i SLT-modellen.
- Utnemning av to nye kandidatar til å vere mentor i førebyggingsarbeidet med radikaliserings og valdeleg ekstremisme.

#### SLT-seminar:

- 50 deltakarar
- Gjennomført med relevante innlegg om Aukra sine pågåande prosjekt og nye tiltak
- Leid inn føredragshaldaren, Adrian Lund (kr. 30 000)
- Servering av lunsj og kaffimat
- Kostnadene blei dekkja av kulturavdelinga og av tilskotsmidlar frå "Sekretariatet for konfliktrådene"(Sfk) som er midlar til førebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme.

#### Radikaliserings og valdeleg ekstremisme:

Det er utarbeidd ny rettleiar ved bekymring for radikaliserings og valdeleg ekstremisme for tilsette og privatpersonar (kr. 35 000,-)

SLT-arbeidsgrupper:

- Ungdata-undersøkinga
- SLT-seminar
- Radikaliserings og valdeleg ekstremisme

Søknad om tilskot til førebygging av utanforskap (2021):

- Kultursjef skreiv søknad til kommunens utviklingsfond om tilskot til "Møteplass for ungdom med fast vaksenperson". Det vart innvilga tilskot som skal dekke løn for ein 100 % stilling frå september 2021 til utgangen av desember 2022 (Kultursjef ).
- SLT-koordinator skreiv søknad til Bufdir om tilskot til innføring av BTS/BTI og kjøp av stafettlogg. Det blei innvilga tilskot pålydande kr. 950 000,- Sjå punkt under fjerde møte for meir informasjon.
- SLT-koordinator har søkt tilskot hos Sfk pålydande kr. 50 000,- til førebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme. Det vart innvilga kr. 50 000,- i feb -22.
- Dagleg leiar i frivilligsentralen og SLT-koordinator har søkt aktivitetsmidlar hos gjensidigestiftinga. Det blei avslag på søknad.
- SLT-koordinator, kulturformidlar og dageleg leiar i frivilligsentralen søkte om tilskot til aktivitetsmidlar hos Bufdir. Svar på søknad føreligg ikkje i skrivande stund.

# MÅL OG TILTAK FOR 2022

## SLIK VIL VI HA DET (MÅL): FØREBYGGE RUS OG KRIMINALITET KRING BARN OG UNGE

SLIK GJER VI DET (DELMÅL):	TILTAK	ANSVAR	TIDSPUNKT
1.Sikre tett samarbeid og oppdatert kunnskap om oppvekstmiljøet og kriminalitetsbildet (generelt)	<b>1.1 Ungdata 2021 og Ungdata junior 2021</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Arbeidsgruppa for Ungdata-undersøkinga skal komme med forslag til innsatsområde og tiltak for SLT-koordineringsgruppa.</li> </ul>	-Folkehelsekoordinator -Politiråd -SLT-koordineringsgruppe -Rektorar -SLT-koordinator -Utførande nivå -Ungdomsrådet	Gjennomføring våren 2022
	<b>1.2 Politiråd (det styrande nivå)</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Følgje strategiplan for politirådet</li> <li>- Prioritering for kommunen sitt SLT-arbeid.</li> <li>- Fire årlege treffpunkt for å dele kunnskap og erfaring.</li> <li>- Styrke det førebyggande arbeidet.</li> <li>- Sikre informasjonsflyt mellom nivåa i SLT-modellen.</li> <li>- Innhente nødvendig kunnskap</li> </ul>	-Politiråd -SLT-koordinator	Fre 04. mars kl. 1300-1500  Tir 31. mai kl. 1300-1500  Tir 20. september kl. 1300-1500  Tir 13. desember kl. 1300-1500
	<b>1.3 Det koordinerande nivå</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Fire SLT-møter</li> <li>- Eitt arbeidsseminar med evaluering og planlegging for neste år.</li> <li>- Deler bekymringar rundt barn og unge samt deler viktig informasjon frå sin teneste/organisasjon (tiltak/tilbod/aktivitetar).</li> </ul>	-SLT-koordineringsgruppa -SLT-koordinator	Ons 09. februar kl. 0820-1020  Ons 30. mars kl. 0820-1020  Ons 18. mai kl. 0820-1020  Ons 07. september

	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Drøftar problemstillingar og set inn nødvendige tiltak.</li> <li>- Etablere nødvendige arbeidsgrupper for meir utredning og forslag til løysingar av eventuelle problemstillingar.</li> <li>- Dialog og deling av informasjon i SLT teams-gruppa</li> <li>- Deling av informasjon på mail</li> <li>- Kvar enkelt vidareformidlar kunnskap på sin arbeidsplass.</li> <li>- Sikre informasjonsflyt mellom nivåa i SLT-modellen</li> </ul>		kl. 0820-1020  Ons 30. november kl. 0820-1220
	<p><b>1.3 Det utførande nivå</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Fire møter i “Ung i Aukra”- gruppa</li> <li>- Månadlege samarbeidsmøte mellom politikontakt og SLT-koordinator.</li> <li>- Månadlege samarbeidsmøte mellom avdeling for psykisk helse og rus og politiet angående ruskontrakt, trendar og situasjonsbildet.</li> <li>- Ukentlege møter mellom barnevern og politiet</li> <li>- Fast møteverksemd mellom politiet i Molde og helsesjukepleiarar i Molde og Aukra.</li> <li>- Månadlege møter mellom politiet og ressursnettverket for førebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme i Molde og Aukra.</li> <li>- Etablere nødvendige SLT-arbeidsgrupper.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Politikontakten</li> <li>-SLT-koordinator</li> <li>-Helsesjukepleiar</li> <li>-Rådgjevar frå GBU</li> <li>-Miljøterapeut frå Julsundet skole</li> <li>-Dagleg leiar i frivilligsentralen</li> <li>-MOT-manager og ungdomsarbeidar</li> <li>-Ungdomslos og miljøarbeidar</li> <li>-Miljøterapeut frå I&amp;I</li> </ul>	«Ung i Aukra»:  Tys 25. januar Kl. 1300-1500  Tys 03. mai Kl. 1300-1500  Tys 23. august Kl. 1300-1500  Tys 15. november Kl. 1300-1500
	<p><b>1.4 SLT - seminar 2022</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Etablere arbeidsgruppe</li> <li>- Invitere aktuelle føredragshaldarar (lokale og eksterne).</li> <li>- Lage og sende ut invitasjoner</li> <li>- Praktisk (servering, lokale, etc)</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-SLT-koordinator</li> <li>-Koordineringsgruppa</li> <li>-Utførande nivå</li> <li>-Arbeidsgruppe for SLT-seminar</li> </ul>	Planlegging: Vår 2022  SLT-seminar:  Onsdag 26. Oktober kl. 1400-1800

	<b>1.5 Auke kunnskap</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Være oppdatert på oversiktsarbeidet i kommunen for å auke kunnskapen om utfordringsbildet.</li> <li>- Auke kunnskap i SLT-nettverket gjennom informasjon om aktuelle tema.</li> </ul>	-Aukra kommune -Folkehelsekoordinator -Politiet -SLT-koordineringsgruppe -Eksterne -samarbeidspartnarar -Utførande nivå	Pågåande arbeid gjennom heile året.
	<b>1.6 Synleggjering av SLT-arbeidet</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Oppdatert informasjon om SLT-modellen på kommunens nettside.</li> <li>- Gjer SLT-arbeidet kjent for tilsette og innbyggjarar.</li> </ul>	-Aukra kommune -Politiet -SLT-nettverket -SLT-koordinator -Utførande nivå	Pågåande arbeid gjennom heile året.
<b>2.Vidareutvikle eit trygt og inkluderande miljø for barn og unge (byggande)</b>	<b>2.1 Kontakt med lag/foreiningar/frivillige</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Utveksle erfaringar, dele kunnskap om barn og unge og om førebyggjande arbeid, drøfte korleis vi kan samarbeide og utfylle kvarandre best mogeleg.</li> </ul>	-SLT-koordineringsgruppa -Utførande nivå -SLT-koordinator	Pågåande arbeid gjennom heile året.
	<b>2.2 Kontakt med foreldre</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Opprette vidare kontakt med FAU på Julsundet skole og Gossen barne- og ungdomsskole.</li> <li>- Sjå på andre mogelege kanalar for å spreie informasjon.</li> <li>- Nytte seg av Visma i dei tilfelle viktig informasjon må delast med foreldre.</li> </ul>	-SLT-nettverk -SLT-koordinator -SLT-koordineringsgruppe	Pågåande arbeid gjennom heile året
	<b>2.3 Møteplass for ungdom med fast vaksenperson</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Følgje opp handlingsplan utarbeidd av SLT-arbeidsgruppe i 2020</li> <li>- Søke midlar til aktivitetar for møteplassane/månadlege arrangement</li> </ul>	-SLT-koordineringsgruppe -Aukra kommune -Politirådet -Utførande nivå	Pågåande arbeid gjennom heile året.
	<b>2.4 MOT</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Implementering av «kommunen som samfunnsbygger»</li> </ul>	-Aukra kommune -Styringsgruppa/politiråd -SLT-koordineringsgruppe -Utførande nivå	Pågåande arbeid gjennom heile året

	<b>2.5 Informasjonskanalar</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Vidareutvikle "Ung i Aukra" - Informasjonskanal til ungdom gjennom sosiale media og kommunens nettsider (også nyttig for foreldre).</li> </ul>	-SLT-koordineringsgruppe	Fast møteverksemd fire gangar i året
<b>3.Styrke systematisk rus- og kriminalitetsførebyggjande arbeid retta mot alle (førebyggjande)</b>	<b>3.1 Undervisning til barn og unge</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Førebyggjande undervisningsopplegg (til dømes «Delbart»)</li> </ul>	-SLT-koordineringsgruppe -Politiet -Utøvande nivå i skole og politi.	Vært avklart på eit seinare tidspunkt
	<b>3.2 Opplysning</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Informasjon til foreldre om rus og ungdomstid</li> <li>- Sikre informasjonskanal til foreldre.</li> <li>- Opplyse om webinar/kurs for foreldre.</li> </ul>	-Skolen og barnehagens representantar i koordineringsgruppa -SLT-koordinator -SLT-koordineringsgruppa	Våren og hausten 2022
	<b>3.3 Førebygge einsemd, rus og dårleg psykisk helse</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Møtestad for ungdom med trygge, faste vaksenpersonar</li> <li>- Sikre nok bemanning til å delta og koordinere eit slikt arbeid.</li> </ul>	-Aukra kommune	Pågåande arbeid gjennom heile året
	<b>3.4 Førebygge radikaliserings og valdeleg ekstremisme</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Følgje opp arbeidet i «Rettleiar ved bekymring for radikaliserings og valdeleg ekstremisme».</li> <li>- Gje mentoropplæring til ytterlegare to fagpersonar i kommunen.</li> <li>- Delta i Molde kommune sitt ressursnettverk for førebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme.</li> </ul>		
<b>4.Systematisk oppfølging av barn og unge i risiko og/eller barn og unge som har utvikla vanskar (kriminalitetsførebyggjande)</b>	<b>4.1 Tydeliggjering av roller og ansvar</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Innføring av BTS/BTI-modellen (oppstart januar 2022)</li> <li>- Utvikling av stafettloggen (oppstart januar 2022)</li> <li>- Intern avklaring på kven som har ansvar for kva når det gjeld</li> </ul>	-Aukra kommune -Politiråd -SLT-koordineringsgruppe -Utførande nivå -Spesialisthelsetenesta	Pågåande arbeid gjennom heile året.

	<p>oppfølging av barn og unge i risiko og barn og unge med omfattende vanskar.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Informere foreldre om deira og kommunen sitt ansvar.</li> <li>- Utvikle IP-arbeidet i kommunen. Korleis bli betre på å nytta seg av dette verktøyet i krevjande saker? (oppstart vår 2022)</li> <li>- Etablere tverrfaglege møteforum til det beste for utsette barn og unge der BUP kan delta.</li> </ul>		
	<p><b>4.2 Oppfølging av barn og unge som har utført lovbrøt</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Sikre tett samarbeid med interne og eksterne aktørar blant anna konfliktrådet og politiet når det gjeld ungdomskontraktar/ruskontraktar, ungdomsstraff og ungdomsoppfølging.</li> </ul>	<p>-SLT-koordineringsgruppe -Politiet -Utførande nivå</p>	Arbeidet er aktuelt gjennom heile året.
	<p><b>4.3 Rusproblematikk</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Kartlegge handlingsrekke for barn og unge med rusproblematikk/rusavhengigheit</li> </ul>	<p>-Aukra kommune -Politirådet -SLT-koordineringsgruppa -SLT-koordinator -Utførande nivå</p>	Mai-juni 2022
	<p><b>4.4 Psykisk helse</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Kartlegge handlingsrekke for barn og unge med psykiske lidinger.</li> </ul>	<p>-Aukra kommune -Politirådet -SLT-koordineringsgruppa -SLT-koordinator -Utførande nivå</p>	Mai-juni 2022